



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

## SAKSFRAMLEGG

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
5.9.2013	2013/1827	Morten Larsen

<b>Saksnr</b> <b>12/13</b>	<b>Utval</b> Samarbeids- og arbeidsmiljøutvalet i tannhelsesektoren	<b>Møtedato</b> 10.9.2013
-------------------------------	---------------------------------------------------------------------------	------------------------------

### Retningslinjer for byggjesaker i tannhelsesektoren

Fylkestannlegen etablerer no eit tettare samarbeid med byggje- og vedlikehaldsseksjonen (BYVE) i administrasjonsavdelinga for å sikre naudsynt byggfagleg kompetanse i pågåande og framtidige leige- og byggjeprojekt i tannhelsetenesta.

Vedlagte utkast til retningslinjer viser oppgåver, ansvarsnivå og framdrift i samband med leige av lokale eller samarbeid om å byggje nye lokale for distriktstannklinikkar.

Anskaffing av lokale til tannklinikane bør følgje reglar for saksgang i fylkeskommunale byggeprosjekt vedtatt i sak T-35/92 ("reglar/retningslinjer for byggjeprojekt").

Det blir tilrådd at kvar anskaffing blir organisert som eige prosjekt etter standard prosjektorganisering for byggjeprojekt. Prosjektet blir leia av ein prosjektleiar ved BYVE.

#### Forslag til vedtak:

SAMU-T tar utkast til retningslinjer for byggjesaker tannhelsesektoren til vitande.

Anthony N. Valen  
Fylkestannlege

Morten Larsen  
Kontorsjef